

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kinn

Emne: Ard og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Paul Urdel.

Gard:

(adresse): Urdel, Florø

G.nr. 11

Br.nr. 6411

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ymse heimelsmenn, serleg Peder Monsson Rymuarevig, f. 1875.

SVAR

1+2. Arden søggest vera heilt ubjend her i kring.

Til å mylda med kornet med hev dei fleste brukte riva eller greo. Ein og annan brukte hore med tindar av tre eller jarn.

3.

Lette hyppeploger for handkraft hev vore og er somme stader i bruk ennå. Dei eg hev set er handsmidde. Dei hev skjer av stål og to veltefjeler av tinnut plåkjarn. Dei kamm stillest. Aisen er av tre, styrt av 1/2" rundjarn. Framme på aisen er ein ring av jarn til å festa tog i. Ein eller to mann drag plogen og ein skjer. Disse plogane er for spirkle for hest.

Dei hyppeplogane eg hev set i bruk her i kring er laga av ein bygdsmid, Isak Indrehus; han budde på Indrehus i Bre-manger, og var född kring 1850.

13.

Dei plogane som no er i bruk her i kring er fabrikk-smidde. Dei eldste er visstnok av amerikansk fabrikkat. — Kva tid dei første fabrikkplogane vert kjøpte er visst. Men stort

2.
set kaun ein tidjesta overgangen til kring
hundredårs-skiftet. Det er elles tikt til at
det var svært få gardar som hadde plog
før fabrikk-plogane kom. Overgangen frå 1900
og utetter var ikkje ein overgang frå gamle
til nye plogtypar, men frå spade, greip
og grev til moderne plogar for hest, og
no i dei aller siste åri, for traktor-drift.

14.

Ein plog av denne typen (fig. 8) finst
enno i Sjømarvig (Gnr. 7). Denne
ploga hev vore brukt etter 1900.

Ploga er laga av Mons Olsen Sjømar-
vig (1820-1911). Han var frå Nordfjor-
d, og kom til Sjømarvig kring 1850.
Han var ein framifrå dugande smed, og
det gjeing mange segjer nun arbeidet hans.
Der verre er det ikkje stort anna enn denne
ploga som er att etter honom.

Skyret på ploga er av jarn, utso slik.
Loken er av tre, velkjøli likeins. Ho er
vridd. I åsen er det leppa hol til å festa
ristellen i. Han er elles burtkomen no.

Fesket for draget hev vore som på fig. 8.
Åsen er litt nedsvinga framman for skyret.

Ein plog av sunlag same typen finst
og var i bruk i Klåna (Gnr. 14 i Kinn)
etter 1900. Men her var velkjøli av jarn.
Ho var vridd. Bak på skyret var det
fest eit tresykke på høvt, slik at ein
kunde styra med bae hender.

Ukjendt.

8155

19

Slaptesko eller hjul faust ikkje på dei to plogane som er nemnde frammanfor. Derleg djupt kunde dei kneipt gå, i alle fall i fast jord. Dei vart òg berre brukte til òå pløggja åker med. Til vøllpløggjing var dei nok allfor veikte.

20

Der var ristel på bae dei plogane som er nemnde ovenfor.

21-23

Ukjendt.

Naam på dei einshilde stykke av plogen er det vanskeleg å få nokre grunde på no. Eg høyrde ein gong for mange år sidan sei at Mons Olsen Lymmarvig kalla plogskjeret for vengsue. - No brukar folk for det mest dei nemningane som er vanskeleg i skrift - skjer, velkjøl, kniv o.s.b. -

Ordet plog vert uttala med tung o og tydeleg g. Bunde foran plogen.